Bygdedyret

Eit bidrag til R.I.S.K. 2026

(Besettelse/tvangsførestilling)

Stig Magne Evju Brekken

Setting

De er ein familie som har flytta til ei lita vestlandsbygd innst inni ein fjordarm av ein fjord. Bygda er som teken ut av ein reklame for Mjølkesjokolade, og er sjølve definisjonen på den bygdeidyllen de har drøymt om. Eventyrlege fjell, grøne beiter og utemd bjørkeskog. Og moltebær. Ikkje gløym moltebær.

Utfordringa er at de ikkje har tatt høgde for ein spesifik ting. Denne formlause entiteten som tek kontroll over bygda og gjer det den kan for å tyne alle nye som kjem for å utfordre det etablerte og kjende.

Det som vert kalla for ***bygdedyret***.

Korleis spelast det?

Bygdedyret er eit rollespel for 2 til 4 spelarar og 1 spelleiar. Målet er å få innpass i bygda utan alt for mange merknadar.

Utfordringa kjem i det ein trossar ein sosial norm som alle dei som har vokst opp der kjenner til. Desse reglane er omtrent umogeleg for nye folk å kjenne til, og som ny må ein difor trø varsamt for å ikkje vekke ***bygdedyret***.

Spelleiaren set opp ein sosial setting der familien skal delta, og dei må då planlegge kva deira rolle er og kva framgansmåte dei skal bruke i denne settingen.

Bygdedyret i den settinga er representert med eit myntkast.

Kron: ***Bygdedyret*** kviler og de klarar dykk utmerkt godt. Inntil vidare...

Mynt: ***Bygdedyret*** løftar sitt stygge åsyn og flekker tenner. Kor djupt set den tenna i dykk?

Bygda sine karakterar

Den forvetne gamle kjærringa

Ho bur gjerne ein plass der ho ser mesteparten av bygda. Huset har ho arva av den bornlause tanta som ho tok seg av dei siste åra av hennar liv. Dagane går med på å strikke sokkar og notere flittig ned det som skjer i bygda.

Det religiøse ekteparet

Desse to er einige om alt, i alle fall ut til sine medbygdingar. Begge er dei einige i at bygda sin moralske kapital er ganske slunken. Dei vert difor sett på som ein entitet av bygda. Men, mykje tyder på at det er

Den alkoholiserte einstøingen.

Han har sett alt og vore over alt. Men til tross for det har denne verdsvande mannen bestemt seg for å slå seg ned i heimbygda si. Det har vore nokre damer som har budd der frå tid til anna, men ingen har heldt ut lenge.

Den eldre bonden

Dette er den vandrande definisjonen på heil ved. Det er mykje som skal til for å vippe han av pinnen. Han er den som vert tilkalla når nokon er ueinige om grenser eller har spørsmål om avl av sau. Han er gift med den erfarne sjukepleiaren

Den erfarne sjukepleiaren

Ho snakkar ofte om at ho har sett ræva til alle i bygda etter at det vart servert dårleg kjøt i eit bryllup for nokre år sidan. Ho var på vakt når resten av bygda var på fest og vart dårlege. Og jobben med å ta seg av alle såre og rumper fell på henne, i og med at doktoren ikkje hadde kontortid før om to veker.

Den gamle rektoren

Tradisjon er det som står høgast hjå denne gamle mannen som nektar å godta at han har fått tittelen rektor. Han er og har alltid vore, administrerande lærar, og det har han tenkt å fortsette med. Han har også uttrykt at han syns det var synd at bruk av spanskrøyret vart avskaffa.

Den nyutdanna læraren

Denne personen flytta til bygda full av nyvunnen kunnskap og med eit genuint ønskje om å få vera med å forme unge sinn og med ny og spanande pedagogikk. Noko som kolliderer ganske fatalt med filosofien til rektoren.

Den utflytta gardseigaren

Han var odelsgut og overtok garden då foreldra flytta på sjukeheimen på andre sida av fjorden. Jorda har han forpakta vekk, driftsbygget vert brukt til lagring og huset vert brukt som feriehus på sommaren, eller når det er hjortejakt.

Den nyinnflytta

Denne personen har budd i bygda i over 20 år, men vert framleis omtala som han der nyinnflytta. Dette til tross for at det har kommet andre nye til bygda etter denne personen. Problemet var berre at han prøvde å hevde seg for tidleg. Stor tabbe.

Den folkeskye gamle dama

Ingen veit noko anna om henne enn at ho er enke og at ho omtrent aldri er utomhus. Når ho ein sjeldan gang er utanfor huset, så er det ofte etter at mørkret har lagt seg. Ho har vore antatt daud så mange gonger at bygda har vorte einige om at det må ha gått nokre månader utan livsteikn før dei sjekker igjen.

Leiaren av kvinneforeninga

Ho er den som er ansvarleg for klubb ein gong i månaden. Då samlar ho kvinnene i bygda på kaffi, kaker, strikking og innsamling av det siste sladderet i bygda. Hukommelsen og hørselen hennar er skremmande god.

Lokalpolitikaren.

Han har via livet sitt til politikken. Det er lite anna som har betydd noko. Ein skulle trudd at hovudstaden og stortinget var målet, men den gong ei. Kommunehuset i nabobygda var det som låg i planane. Noko kvinfolk har han ikkje hatt tid til, men rykter skal ha det til at han trivst best mannleg selskap.

Den gode enka

Ho smilar alltid og latteren ligg laust. Uansett kva det er, så har ho alltid nokre gode ord på lur. Dette har også gjort at ho har blitt utstøtt frå klubben etter at ho nekta å komme med detaljar om noko saftig sladder som hadde kommet for øyret til leiaren av kvinneforeninga.

Oljearbeidaren

Den yngste i ein søskenflokk som valgte å bygge hus i bygda etter at ingienørutdanninga var på plass. Jobbar i to veker og er heime fire veker, men reiser inn til storbyen kvar fredag for å treffe folk for å ikkje gå fullstendig på veggene.

Odelsjenta

Ho var den eldste i søskenflokken, og sørga for å få seg ei utdanning før ho kjende på pliktene til å flytte heim. Sidan ho overtok garden har ho kjempa ein kamp i motbakke for å få fornya bygda noko.

Plassar i bygda

Plassar i bygda

Grendahuset

Bygd på tomta til det gamle ungdomshuset. Dette er møteplassen for alle bygda sine aktivitetar. Alt frå barnedåp, konfirmasjon, bryllaup og begravelse. Og ikkje minst, den årlege påskedansen.

Den gamle butikken

Den nedlagte butikken nede på kaia som ein gong var der alle gjekk for handle det dei ikkje kunne lage sjølve. No er det brukt som lager og som ein plass ungdommen i bygda bryt seg inn i for å

Moloen

Det mest moderne tilskotet til bygda. Ein molo med mogelegheit for å legge til båt. Dette var nok det mest ambisiøse og mest nyskapande prosjektet bygda nokon gong har gjort. Og det skal ikkje gjenta seg.

Gamle posthus og legekontor

Ingen kallar det for legekontoret. Det er fortsatt det gamle posthuset. Og det til tross for at det også har vore banklokaler ein gong i tida. Doktoren har kontortid der ein gong i månaden, med mindre noko anna kjem i vegen. Noko det ofte gjer.

Idrettsplassen

Ein gong i tida var det eit idrettslag i bygda, men det finst ikkje lenger. Idrettsplassen er difor no ein gjengrodd plass med masse fuglereir. Det er fortsatt staden ein møter opp for å feire sankthans.

Bunkersen

Ein gammal betongbunkers frå 2. verdskrig. Denne vart nytta av Tyskarane under krigen og står som eit minnesmerke etter okkupasjonstida. No vert den brukt av ungdommen i bygda til å eksperimentere med alkohol, sigarettar og kvarandre.